



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 200502991	Dok.nr.: 13
Arkivkode: 511.0	Journ.dato: 23.09.05
Avd.: HRA	Saksbelt.: ANM
U.off.:	

Deres dato	Deres referanse	Vår dato	Vår referanse	Seksjon/saksbehandler
2005-07-12	200502991/ANM	2005-09-22	200508945	DI/JU/BK

HØYRING - ENDRINGAR I HELSEPERSONELLOVA § 48 F)

Vi viser til Dykkar brev av 12.7.2005 der Statens legemiddelverk er beden om å vurdere Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag om endring av helsepersonellova § 48 første ledd bokstav f).

Statens legemiddelverk har vurdert utkastet, og har nokre kommentarar til det å verne yrkestittelen "farmasøyt". Vi meiner det er viktig å få fram anten i førearbeida eller i lovteksta kva ein meiner bør vere rett bruk av tittelen "farmasøyt".

Ei ordrett tolking av lova på bakgrunn av den tekst som no er foreslått skaper ei viss usikre om kven som kan kalle seg "farmasøyt" som fellesnemning. Ut i frå det forslag som no føreligg er det usikkert om alle deltitlane (farmasøyt, provisor og reseptar) er verna.


Det er nemnt i høyringsforslaget at ein ser det


" ikkje som tenleg å ta ifrå ei av utdanningsgruppene retten til yrkestittelen farmasøyt."

Ein må rekne med at nemninga "farmasøyt" vil bli nytta i ei tid framover, til dømes i media, i stillingsutlysingar og liknande. Også farmasøytar sjølve vil truleg bruke kortnemninga i staden for den lange tittelen, særleg i uoffisielle samanhengar. Statens legemiddelverk meiner difor det er viktig å klargjere om dette er ein verna tittel eller ikkje.

Ut over dette har Statens legemiddelverk ingen merknader til forslaget.

Med vennleg helsing
STATENS LEGEMIDDELVERK


Gro Ramsten Wesenberg
direktør


Brit Kjelleberg
førstekonsulent

Brev stiles til Statens legemiddelverk. Vennligst oppgi vår referanse.